

## Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

### **Fellesmøte med Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd 04.09.2018**

Stad: Sykkylven kyrkje, kl. 20.00.

Til stades: Erlend Lunde, Trygve Ebbesvik, Per Gunnar Ulla, Ina Grøvik, Irene Høybakk, Anne Rita Kvistad, Simen Myklebust, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth, Monica Breivik Orre og Knut Henning Aursnes.

May Lisbeth Hovlid Aurdal og Elin Hellebostad hadde meldt fråfall.

I tillegg møtte Arild Sporsheim

Møtet vart opna av Irene Høybakk.

Deretter gjekk sokneråda over til handsaming av sakene på saklista.

#### **F-Sak 1/18 Godkjenning innkalling**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.*

#### **Sak 02/18 Referat frå sist felles møte 13.06.2017**

*Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjent.*


#### **Sak 03/18 Søknad om studiestøtte frå ungdomsarbeidar Katrine Numme**

Det vart lagt fram for sokneråda ein søknad om studiestøtte frå vår kreative og dyktige ungdomsarbeidar, Katrine, om årsstudie i Kristen sjelesorg. Det er svært krevjande å arbeide med ungdom i ei brytningsfase mellom å vere barn og voksen. Dagens ungdom blir gjerne tiltalt som «generasjon prestasjon» og rommet og behovet for å snakke om sine følelsar, om tru og tvil mm. er gjerne større enn nokon gong. Av søknaden kjem det fram at Katrine kjenner på eit kall/ønskje om å kunne tilby eit slikt «rom». Kyrkjeverjen meiner at ho definitivt tilbyr dette også i dag, men at auka kompetanse og fleire «verktøy» er naudsynt og godt både for ho sjølv, for den ho samtalar med og for oss som hennar arbeidsgjevar. Årsstudiet skal gjennomførast på deltid over to år. Kostnaden vert om lag kr 50.000,- pr år.

*Vedtak: Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd ser nytta av studiet og støttar Katrine med kr 30.000,- pr år og ei veke lønna studiepermisjon i halvåret. Dette vert gitt med etterhald om 12 månader tilsetting etter fullført studium. Støtta skal kome frå felles fond 25130000, avsett til trusopplæringsarbeid.*

#### **Sak 04/18 Diakoniplan**

Trygve Ebbesvik gjekk gjennom utkastet til Diakoniplanen. Under gjennomgangen vart det invitert til å kome med synspunkt og kommentarar. Torbjørn Støylen noterte synspunkta og kommentarane som kom fram i gjennomgangen.



## Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

*Vedtak: Diakoniplanen vart godkjent med dei endringane som kom fram under gjennomgangen av planen.*

Referent: Knut Henning Aursnes